

Orientering om dåp i Sauherad kirke og Nes kyrkje



Kjære foreldre!

Til lukke med det nyfødde barnet! Det er ei utfordrande tid de går i møte!
Vi ynskjer å stå saman med dykk, så ver velkomen til dåp og kyrkje!

Val av namn

Tidlegare fekk barnet namnet i dåpen. No er det Folkeregisteret som godkjenner namneval. Folkeregisteret sender ei tid etter fødselen ut eit skjema med spørsmål om namnet på barnet. Alle foreldre - om de har planlagd dåp eller ikkje - må returnere dette skjemaet utfylt til Folkeregisteret, underskrive av den/dei som har foreldreansvaret for barnet. Frå Folkeregisteret får de så ein fødselsattest for barnet, med namn og personnummer. Dette personnummeret må de informera om i samband med dåp.

Ynskje om dåp

Om de ønskjer at barnet skal døypast, tek de kontakt med Kyrkjekontoret, for å avtale tid og stad for dåp og dåpssamtale. Deretter fyller de ut skjemaet "*Dåp i Sauherad*" og sender det til Kyrkjekontoret.

Dåp i anna prestegjeld

Viss de ønskjer dåp i eit anna prestegjeld, må de likevel ta kontakt med oss. Dåpssamtalen skal normalt finne stad i den kyrkjelyden der barnet *bur*. Vi sender så ei dåpssending til det prestegjeldet der barnet skal døypast.

Fadrar

Barnet skal ha minimum 2 fadrar (maksimum 6, foreldra er ikkje fadrar).

Fadrane må vere fylt 15 år og skal normalt vere medlem i Den norske kyrkja. Det er viktig at de, ved val av fadrar, tek omsyn til kven som kan hjelpe dykk til å gje barnet ei kristen oppseding. Fadrane får eit viktig ansvar: *"De skal ... visa omsorg for barna, be for dei, lære dei sjølve å be og hjelpa dei å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverdem så dei kan leva og veksa i den kristne trua.."* (Frå kyrkja sin nye dåpsliturgi) Vi sender før dåp ei bøn til fadrane som vi håper dei vil be for bornet dykkar.

Dåpssamtalen

Før barnet skal døypast skal de ha dåpssamtale med presten.

Som regel kjem presten på besøk i heimen, men av og til kan det høve betre å ta denne samtalen på kontoret. Denne samtalen har vi på dagtid, og helst med både foreldra til stades. Er det mange dåp same søndag, kan det vere at vi samlar alle dåpsfamiliane til ei felles samling i kyrkja.

Sjølve dåpsgudstenesta

Dåpen skjer i ei vanleg gudsteneste. Til vanleg går dåpsforeldre i prosesjon inn i kyrkja – medan ein av dei ber barnet. Det er flott om eit større barn i familien kan vere med på å bere inn kanna med dåpsvatnet eller presesjonskorset. Andre borna kan involverast ved å ta av lua på dåpsbarnet eller tørke hovudet osb. Dåpen er ei kyrkjeleg handling. Det må difor takast omsyn til dette når det gjelder t.d. fotografering. Vi ønskjer minst mogleg fotografering i gudstenesta. Etter gudstenesta kan "alle" stille opp og ta gode bilete i ro og fred. Det er fint om de orienterar resten av dåpsfølgjet om dette.

Dåpsklubben TRIPP-TRAPP:

Vi kan på det varmaste anbefale medlemskap i "Dåpsklubben TRIPP-TRAPP". Dette er ei hjelp til å gje borna ei innføring i den kristne trua på ein trygg og skikkeleg måte. Dette er ei fin dåpsgåve til borna! (Tips fadrane!)

Trusopplæring

Dåp og opplæring høyrer uløyseleg saman. Det er vanskeleg å sjå for seg dåp utan at barnet får kjennskap til kva det vil seie å vere døypt og høyre til i ein kristen kyrkjelyd. Det er ikkje lenger ei oppgåve som barnehage og skule tek seg av, difor må foreldre og fadrar ta ein større del av ansvaret for formidlinga.

Sauherad og Nes arbeidar med ein plan for trusopplæring, med oppfølging av dåpsborna etter dåpen. Dette har soknerådet har ansvar for.

Det er lurt å fylle opp leikekasse og bokhylle med leiketøy og bøker som hjelper dykk med å bli betre kjent med sentrale bibelforteljingar.

Det er fint om de legg til rette for bordbøn og kveldsbøn så tidleg som mogleg. Då vil det verte ein naturleg del av familien sitt liv, og ein god måte å ta vare på tryggleiken som vert gjeven i dåpen. Bøn og tru høyrer naturleg saman med kvardagen elles.

Born i gudstenesta

Nokon gruer seg litt til å ta med små born inn i kyrkja. Men borna vert jo fullverdige medlemmer av Den norske Kyrkja gjennom dåpen, og har rett til å få kome til "huset sitt". Då må vi vaksne legge forholda til rette for gode opplevingar!

Her er nokre tips til kva de kan ta med til kyrkja:

- "Eit lite lager" av barnebøker og stille leker som kan aktivisere borna på ein god måte.
- Ark og fargar, når barnet har glede av å teikne. Kanskje ei fast "kyrkjebok" – som alltid er med når ein er i kyrkja?
- Noko dei kan kose seg med; rosiner, små kjeks el. l.

For å unngå konflikt mellom dei som vil høyre og borna som vil røre på seg, går det an å ta av «klikk-klakk»-sko, og gje borna «skli-sokkar» i staden... Og hugs at det er lov å leve! Det er betre å la borna røre seg litt under gudstenesta, i staden for å tvinge dei til å sitte stille.

Det går an å ta seg ei lita "luftepause" undervegs i gudstenesta og!
I Nes kyrkje er det eit stort og flott våpenhus der det er godt å vere!

Kyrkja vert ein fattigare stad utan borna. Det er dei som er framtida og notida vår! Med dette ønskjer vi dykk velkomen til kyrkje - og dåp om de ønskjer det! Ring gjerne Kyrkjekontoret om det er noko de lurar på!

Beste helsing oss på Kyrkjekontoret
Berit Bjørnerud

Sauherad Kirkekontor
Idunsvoll 3
3812 Akkerhaugen

Tlf: 35 95 70 81

e-post: sokneprest@sauherad.kirken.no